

BØKER

Engelskmann verifiserer det som historikarane nektar for

«Nakne soldater» av J. H. Kynnoch avslører den dilettantiske og diktatoriske hærføreren Winston Churchill.



Etter å ha omsett og redigert boka, burde kanskje historikaren Berit Nøkleby finne plass blant revisjonistane? Boka minner nemleg fint lite om sigerherrevisjonane offiserstrikarane og faghistorikarane frå og med Jens Henrik Throne Nordlie, som skreiv for Under-søkelseskommissjonen av 1945, Ragnvald Roscher-Nielsen (han som fabrikkerte myten om at Noreg ikkje kapitulerte), Sverre Steen, H. O. Christophersen og fleire har fortalt. Her har Nøkleby arbeidd med stoff som minner meldaren om Kersaudys bøker «Kappløpet om Norge» og «Vi stoler på England».

Avslørande

Boka kan sjåast frå endå ein annan uvanleg synsvinkel i høve til den selektive, friserte og danderte sigerherrevisjonen vi stort sett har levd med, nemleg slik den meininge engelske soldaten Kynnoch opplevde kappløpet og krigen i Gudbrandsdalen. Viktigast av alt er at Kynnoch fortel om korleis bataljonen hans var på veg til Stavanger i dagane før 9. april, det vil seie nett slik vi revisjonistar (og dei tyske kvitbøkene) har hevda. Slik verifiserer Kynnoch det som dei offisielle Noreg blånektar, nemleg at det var eit kappløp om Noreg; at britane låg først i løypa, men at tyskarane slo dei på målstreken.

Kynnoch fortel, slik ein meiningssolidat opplevde det, om korleis transporten frå Skottland til Noreg vende tilbake til Skottland i ein fart. Der blei bataljonen kasta «hulter til bulter» på land igjen, planlaust kaotisk, før krigsskipa igjen «fosset ut i Nordsjøen», no for å avskjere dei tyske gruppene på veg mot Noreg.

Eg skal ikkje gjennomgå boka i detalj, men boka er avslørande for korleis det går når dilettantar leiar krig. Minst tusen mann og alt det tunge materiellet og utstyret mangla då «brigaden», Brigade Morgan i norsk krigslitteratur, gjekk i land i Åndalsnes halvanna veka seinare, utan transportmiddel (anna enn ein lastebil og to motorsyklar), utan kanonar, med minimalt med ammunisjon og utan sambandsutstyr. Det er knapt til å tru, men slik var det. Resten av hærehjelpa vi fekk frå



J. H. Kynnoch:
Nakne soldater
Aschehoug

britane, var tilsvarande. Den store ironien er at Churchill blei statsminister då Chamberlain laut gå midt under felttoget mot Noreg. At mannen var framifrå for sitt eige land, er greitt nok. Men når vi reiser han eit minnesmerke sentralt i hovudstaden, er det eit teikn på mindereverds kompleks og husmannsånd.

Mobiliseringa

«Da vi ble evakuert fra de rykende ruinene av Åndalsnes...», var det bare tre offiserer og 160 soldater igjen av de nesten 2000 mann – som skulle ha vore 3000. Dei var praktisk talt utan alt dei trong for å føre krig. Alt det manglande stod att på diverse kaiar i Skottland.

Apropos Nøklebys forord: Når ho skriv at «den norske hæren hadde ikke engang hatt tid til å mobilisere skikkelig»,

er det i beste fall fordi ho ikkje veit kva som gjekk for seg mellom Generalstabten (Laake/Hatledal) og regjeringa dei siste dagane før 9. april, eller at ho ikkje kjenner til kor innvikla umogeleg sjølve mobiliseringssystemet var, stilt overfor den aktuelle situasjonen natt til 9. april («dobbeltbokholderiet» i såkalla pålitelege og andre avdelingar). Realiteten var jo at vi stod overmobilisert i Aust-Finnmark og Troms innland (sogar med avdelingar, våpen og utstyr frå andre landsdelar), og at regjeringa heile vinteren berre hadde ønskt minimale nøytralitetsvernstyrkar i resten av landet, for i tilfelle å komme på «rett side» i krigen. Som den britiske hærsjefen, Lord Ironside, skriv i dagboka si «er Noreg ikkje førebudd på å forsvare nøytraliteten sin». Her skulle det ha vore lagt til: Anna enn mot sovjetarane og tyskarane. Sjefen for marinen, admiral Diesen, sa det i klartekst (som Koht skriv 8. april): «Skyt på tyskarane, ikkje engelskmennene». Slik handlar ei regjering som, etter Encyclopaedia Britannica «pukka på at ho var nøytral».

Manglande vilje

Natt til 9. april vedtok regjeringa den meiningsslause ordren om å mobilisere fire brigadar i Sor-Noreg. Resultatet av dette, var den tilfældige, frivillige, planlause mobilise-

ringa vi fekk. Sjefen for Kavaleriregiment nummer 1, oberst Astrup og andre etterlevde ordren, og sa at han ville møte på Gardermoen den første mobiliseringsdagen 11. april, i samsvar med ordren frå regjeringa. Han, og andre, blei ikkje stilt for retten etter krigen, tiltalt for ordrenekt. Det er blodig urettvist at både Laake, men særleg oberst Hatledal, har måtta leve med eit ettermæle om at dei var defaitistar og ikkje vaksne for oppgåva si. Nøkleby veit godt at særleg Hatledal sprang dørene ned i regjeringa veka før 9. april, men at regjeringa sa blankt nei til mobilisering. Slik blir setninga hennar i forordet i beste fall ufullstendig og misvisande. Det var viljen frå regjeringa til å forsvare nøytraliteten vår mot Storbritannia det skorta på. Det er noko heilt anna enn ikkje å ha tid til å mobilisere.

Britiske dilettantar

Men så kom altså tyskarane natt til 9. april, og ikkje britane, slik vi hadde rekna med. Det siste varselet om at britane (og franskmennene) hadde noko på gang, fekk Koht 5. april med notane deira. Notane blei stadfesta med minelegginga 8. april. Då først kjem tyskarane inn i landet. Seinare gjekk alt annleis enn Koht, admiral Diesen og andre hadde rekna med. Blant anna ved at det var «Blücher», «Lützow», «Emden» som kom opp

Oslofjorden natt til 9. april, og ikkje britane. Mange ser dette som årsaka til at fjorden ikkje var minelagt. Det er kappløpet Kynnoch skriv om, sett frå sin bataljon av Sherwood Foresters, mens Kersaudy skildrar heile kappløpet.

Vi kjenner resultatet. Kynnoch og hans Sherwood Foresters kom aldri til Stavanger.

Kva som seinare hende, kan du lese om i «Nakne soldater». Les gjerne også boka til kjenningen min frå Kompani Linge, Malcolm Munthe, med den heller banale tittelen «Sweet is War», så får du vite korleis det var å vente fåfengt i Stavanger. Hos Kynnoch får du altså ei uvaska skildring av kva slags hjelp britane sende til Noreg.

Eg vel å melde boka hans på denne måten. Ho inneheld nemleg råmateriale til den revisjonen av historia om krigen i 1940 som noen av dei som styrer Noreg har greidd å halde borte frå offentlegheita i femti år.

Ut frå Kynnochs bok kan meldaren som militær fagmann hevde at britane si hjelp til Noreg må ha vore den dårlegaste leia, den mest dilettantiske operasjonen nokon gong. Som historikar hevdar eg at det knapt er til å tru at faghistorikarane framleis, 55 år etterpå, ikkje har gjeve oss sanninga. Slik har dei attpåtill røva frå oss historia vår.

Og til Nøkleby: Slutt deg til revisjonistane!

Svein Blindheim